Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 — Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Hornindal.

Emne: Ård og plog. — Bygdelag: Nordstranda.

Oppskr. av: Rasmus Navelsaker, — Gard: Navelsaker.

(adresse): Hornindal. — G.nr. 9. Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Emne 1

I Hornindal er eitt gardnamn som nemner engdyrking - Engebø - utt. Engjaue d.v.s. der det veks eller vert dyrka eng, ligg ca. 175 m.o.h. 2 gardar er her med namnet etter hus, som dei hadde avling i: Lødøen og Lødemel. Lødøen - utt. Lørje d.v.s. lødehornet, garden i dalen med loda under hornet, Lødemel - utt. Lødemel d.v.s. garden med loda på sandmelflata. Ein gard er her med namn etter korndyrking - Navelsaker - utt. Navlesakjen d.v.s. garden med åker under Navletuva, eit fjellskap i himmelsjå, som ser ut som ei stor tuve med mange rukker og skrukker i, so det liknar ein navle. Navelsaker ligg i solhalla, på nordsida åt Hornindalsvatnet. 51 m.o.h. Namna på åkrane på garden, som: Ripa, Ripane, Sammelrumpa, Torvegrefta - er av dei eldste og tyder på heller små åkrar, - Låkren, Bakkeåkren, Bryggjeåkren må vere komne til seinare, og kan ha vore større åkrar. Oldfunn, som ei flintesag og ei flinteflekkje, tyder på at her har budd - i all fall vore folk for 4000 år sia, ein spydodd av jarn frå ca 2500 at her har budd folk då, og desse har dyrka korn. I steinaldren bygg eller hommel -, i jarnaldren havre - havre, og ei blanding av hommel og havre - hamlekorn eller blandkorn. Åkrane er med tida vortne større

1438

og fleire.
Reiðskapar til å ordne jorda-geo-med, har vore av tre, grev av tre, brekkstenger-haukspikk og våg-av tre, spade og greip-jarnskodde framme-og so av tre, og endeleg ard-ùtt av-av tre med jarnskodd fotspiss. Arð = jorda, arð = apparat til å dyrke jorda med, ein kan tenkje: ariar, german, om desse folkenamn er komne av at dei har dyrka jorda med arð. Ard har ikkje vore brùkt her på garden i manns minne, men har nok vore brùkt her i eldre tið. Heller ikkje kan ein seie av plog av tre eller med treveltefjøl. Men nord om fjellet i Osdal, Volda-berre 2½ times gang over fjellet frå Navelsaker til Osdal-, der har dei brùkt plogar med treveltefjøl til det seinaste, men spissen av plogfoten var alltið jarnskodd-veksnet eller vangsnet. Der har dei ikkje brùkt ard heller. Dei set potetene i senger-reitar, 3 rader i kvar reit, set hol for kvar såpotet med ein plantekjepp. Her set vi potetene i fòrer, som vert greone opp med fòragrev, vi hyppar dei og med fòragrev, det tek ein og potetene opp med om hausten. I Osdal spadar dei opp potetene, før med jarnskodd trespade. Det hadde dei og her,




og so tregreipar,




dei var i brùk til ca 1880, eg såg 2 tregreipar her på garden.
Vogner med hjùl av trestokkar-stokkehjùl-var her til for 60 år sia, eg såg ei. I Otredal er visst ei endå, med jarnbandskodning om hjùla. Elles sleitst hjùla snart på steinete og ujamne vegar, so lassa frå møttingen til åkren kunde kumpe iveg på 5-4-3 kanta hjùl. Mest all gjødselen vart lagð på åkrane. Ein kunde køyre honom ùt på snøføra på slede om vintren og leggje honom i store dungar på åkrane.
I såtida her-april, mai-køyrer ein møklass frå møkdungen på åkren, eller frå møttingen under eller ved fjøsen og legg i rader på åkren, høveleg titt med rader, og med lass

1438

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i roda. Gjødsel etter kyr, gris, hest og menneskje var god, men smalegjødsla var best. Den var etter sau og geit både vinter og sommar, om sommaren vart dei slepte ut om om morgonen, og innatt letne om kvelden, når gjætaren kom or hamnen med dei. Lå dei smalegjødsel på åkren, var dei sikker om å få korn-avling.

Årsaka til at det gjekk ut med jordbruksreidskapa av tre her på garden, var vel det at her var smedar og smie på kvart bruk. Hans Nils støypte og loga rokkar, var kunstnar å kalle. Besten min Nils Rasmusson Navelsaker (1814-1910) hadde arbeidt plogar, han smeda økser, lås og meir, på sine gamle dagar laga han navrar, storenavrar til å bore hol for diblongar i timbreveggjer når dei bygde hus, og so like ned til vine- og spikarnavrar. Far min Rasmus Nilsson (1836-1923) heldt ved med å loge plogar. Grannen Knut har ein av dei endå. Mor hans var enkje, ho kjøpte plogen, då ho ikkje hadde mykje å koste med, fekk ho honom for 17 kr., elles var prisen 22, dette var omlag 1890. Jarnveltefjøla på plogen slåka seg fint attover frå veksnet, plogen går lett, går seg rein for mold, og er brukande endå, men er mykje sleten

Morbror Lars Samuelson Sollid (1838-1924) var handverkslærar på Mo landbruksskule i 5 år, gamle Storm var styrar der då, og Joh. L. Hirsch lærar. 1871 kjøpte Lars garden Sollid og tok til som gardbrukar, og var attåt plogsmed. Plogane vart selde over Indre Nordfjord og Sunnmør for 30 kr st., og pløgjearbeidet fall lettare både for hest og plogkar. Lars måla og sette no. på plogane, han kom opp i 735, foeru fylkte mon i å få dei- og slietta med treplogane. Lars Sollid arbeidde og korntreskemaskiner av tre i ungdommen, dei er i bruk endå, og er godt tenlege. Han smidde og saksar, det var til å kleppe sauene med, og til å ha i klædestellet. Dei var og er gode, og er i bruk endå. Men plogane strevde han mest med, søkte å få dei tie lettare og betre

1438

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

apparat til å arbeide jorda. På sine gamle dagar, då han var slutta med smedarbeidet, sa han: „Plogane mine vart ikkje bra nok, veltefjøla skulde heve seg borresvakt frå veksnet bak til veltet. Då vore plogane lettare, og hadde arbeidt like godt. Eg nådde ikkje fram, eg arbeidde feil."
„Han var ein god mann, og rett flink arbeidskar," sa Botolv K. Lødemel, som fortalde dette, „men dette at han både såg og sa feilen ved arbeidet sitt, det tykte eg var det største ved honom."

Ein dag i plogen var det som vanlege dagar opp kl. 6 morgon (1890). Far og gutane køyrde fyrst åkerreina opp i øvste åkrekanten, og breidde so fyrste møklassrada. So heim til frukost kl. 8 - 8½. Etter frukost vart mor og gjentene med. Far pløgde, føra tok 8 tommar djupt, og so ein 10 tom= breidt. Mor og gjentene og gutane stod med kvar sitt føra= grev (på) i føra og grov, hakka sund moldklompane, plukka all ugrasrot dei kunde sjå, og la i dungar på åkren. Når det var pløgt so ei 10 - 15 fører - ei sveit -, stausa pløg in= ga, hesten fekk høy or ein sekk og åt der på åkerreina, Guta= ne breidde neste rad med møkalass utover, mor og gjen= tene tok rotdungane og hadde dei i bekken nærast ved og vaska dei, Kyrne og grisen fekk røtene til mat, røtene var nøraude, men kyrne vart sårteute av sand i røtene, og dei kunde få skjeta. Far tok såbytta på armen og sådde det som var pløgt. Soleis gjekk det sveit etter sveit, til åkren var opp-pløgd.
Då laut hesten droge horva, ei heimeloga 5 lede tre= horo



med ein jarntind i kvart trestykkje,
3 × 8 = 24
2 × 9 = 18 = 42 tindar i heile horva. Kornet vart godt nedmolda. Var åkren nybrot og fulle av torvlappar, hakka vi kornet ned med



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

føragrev.

Lenger inn over dalen, til 350 m.o.h., måtte dei mølde åkrane om vintren på avrongen (skaren), so snøen kunde tine snarare ved solvarmen. Når dei so pløgde i mai på den snøberre åkren, køyrde dei hesten ut i snøen på åkrereinane, der låg han endå, men når han so reiste, sto marka grøn med ein gong.

No er det komne fabrikkar som lagar plogar – på Kverneland og Underhaug på Jæren, og plogane derfrå har avsetnad her. Dei er nok både sterke og gode, men so lette som plogane far laga, og Lars Sollid laga, er dei knapt. No har ein ikkje folkehjelp til å grave fòra og å plukke rotugraset or åkrane, og so vert det mykje ugras, og ofte heller lite korn. Endå ein no har kunstgjødsel og framande såkornslag, vert det ikkje avling, som då ein hadde smalegjødselen å ha på åkrane, og stadeigen hommel- og havresåkorn.

Havelsaker, 20/3 1948.

1438

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING